



Øystre Slidre kulturskule

meistringsskulen * sjølvtilittskulen * finne deg sjølv-skulen

SØK ELEVPLASS I KULTURSKULEN
FOR SKULEÅRET 2024/25 PÅ

www.oystre-slidre.kommune.no

Søknadsfrist 1. april





Er kulturskolen noko for oss?

[TRYKK HER](#)




Ein kulturskule for alle

Øystre Slidre kulturskule deler Kulturskulerådet sin visjon om at kulturskulen skal vere for alle. Me tilbyr eit variert og tilpassa opplæringstilbod innan ulike kunst- og kulturfag til born, unge og vaksne. Kulturskulen er eigd og driven av Øystre Slidre kommune, og ynskjer å vere eit lokalt kultur- og ressurscenter for alle innbyggjarar i kommunen.

Kulturskulen har om lag 125 elevar på 150 elevplassar, og samarbeidar godt med grunnskulen og dei andre kulturskulane i Valdres om organisering av ulike undervisningstilbod, og ved bruk av felles lærarar. Førmålet til opplæringa i kulturskulen er at eleven skal lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstariske uttrykk.

Kulturskulen held til i egne undervisningslokale ved Øystre Slidre ungdomsskule, men underviser også i andre lokale på Tingvang og på grendeskulane. Målgruppa vår er primert born og unge opp til 20 år, men me tilbyr og undervisning til vaksne ved ledig kapasitet, eller gjennom ulike kurs. Undervisninga fylgjer skuleåret og er organisert som gruppetilbod eller individuell undervisning.



Rytmiske musikkfag:

Kulturskulen tilbyr opplæring i ulike instrument og musikkjangrar. Innan rytmisk musikk, der me i hovudsak har fokus på pop og rock, kan du lære å syngje og spele på tilboda

ELEKTRISK- OG AKUSTISK GITAR
BASSGITAR
TROMMER/SLAGVERK
SONG
PIANO

Undervisninga er organisert som individuell undervisning eller som gruppetilbod, der me oppmodar vidarekomne elevar om også å vere med på periodevis samspel, eller søkje **BAND** som ekstratilbod.

The BIG BANG (PU-band)

Kulturskulen har eit eige bandtilbod for personar med behov for særskild tilrettelegging. Bandet, The Big Bang, har eksistert sidan seint på 80-talet, og består i dag av elevar frå fleire Valdreskommunar.



Musikkteknologi:

Frå hausten 2024/25 tilbyr kulturskulen to nye tilbod innan musikkteknologi.

“LYDLABBEN” er eit gruppetilbod for yngre elevar som ynskjer å leike og forske på lyd med digitale verktøy. Du lærer å gjere opptak og manipulere lyd og lydbilete med bruk av ulike appar og programvare, i tillegg får du opplæring i rigging og bruk av utstyr til og ved konsertar.

PRODUKSJON OG LYDTEKNIKK er eit fag for deg som allereie har jobba litt med musikk på data, og som ynskjer å lære meir om musikk- produksjon, opptak og miksing i ein studiosetting. Faget legg og opp til opplæring i rigging og bruk av utstyr til og ved konsertar.



Klassiske musikkfag:

Kulturskulen har eit godt samarbeid med Nord-Aurdal kulturskule om opplæring på stykeinstrument og spel i orkester. Me tilbyr undervisning i

FIOLIN
BRATSJ
CELLO
PIANO

I tillegg til individuell undervisning i Øystre Slidre, er elevane med i ulike samspelegrupper, orkester og ensemble saman med elvar frå andre kulturskular i regionen. Mykje av desse aktivitetane går føre seg i Nord-Aurdal, der konsertar, kurs og seminar er ein del av tilbodet. Orkesterane deltek årleg på Valdres sommersymfoni og Hemsingfestivalen.

Tradisjonsfag:



Øystre Slidre og Valdres har ein lang og ubrotten tradisjon for folkemusikk og folkedans. Kulturskulen ser det som eit viktig oppdrag å vere med å ta vare på desse tradisjonane, og kan tilby opplæring i

FOLKESONG
LANGELEIK
HARDINGFELE
MUNNHARPE
TORADAR
HALLINGDANS

FOLKEMUSIKKUNG

Elevane på tradisjonsfaga vert oppmoda om å vere med på FolkemusikkUng, som er månadle-ge samlingar for ungdom som går på hardingfele, langeleik, folkesong, munnharpe, toradar og halling i kulturskulane. Tilbodet er organisert av Valdres folkemusikkarrangement og Valdres folke- musikklag, i samarbeid med kulturskulane i Valdres.

Visuelle kunstoffag:



KUNST er eit kreativt og skapande gruppetilbod der elevane blir introdusert for ulike kunststilar gjennom praktisk arbeid med ulike materialar og teknikkar. På kunst har me fokus på teikning og måling, men jobbar også periodevis med andre materialar i t.d. tre og tekstilar. Gruppene er inndelt etter alder.

“SPIKKESKULEN” har vore eit prøveprosjekt, vinteren/våren 2024, som eit sløydtilbod for elevar frå 2.-5. klasse. I faget brukar me tradisjonelle verktøy og handverksteknikkar, med stort fokus på meistring og skaparglede.

På spikkeskulen får elevane møte saman med ein besteforelder eller vaksenperson, som jobbar saman med eleven om dei praktiske oppgåvene.

Kulturskule har ambisjon om å vidareføre tilbodet frå hausten 2024, og vil vurdere dette ut frå søkjartal og interesse.



Teater:

På **TEATER** jobbar elevane med ulike dramaøvingar og teaterteknikk - med å bruke fantasien, å leike og å improvisere. Det store målet er forestillingane med Valdres barne- og ungdomsteater på Fagernes på vårparten, der alle elevane får kvar si rolle, og vert del av den store forestillinga. Rollene vert tilpassa kvar enkelt elev, etter ynskje, ferdigheit og erfaring. Alle skal ha ei rolle i framsyninga, og alle er like viktige.

DU KAN LESE MEIR OM INNHALDET I- OG ORGANISERINGA AV
TILBODA VÅRE I [SØKNADSPORTALEN](#).

VEIT DU AT KULTURSKULEN HAR EIGEN [RAMMEPLAN](#)?

UTVIDA UNDERVISNINGSTID

Frå skuleåret 2024/25 kan du søkje om kjøp av utvida undervisningstid. Ordinære undervisningstimar er på 20 minutt per veke, men med utvida tid får du 30 minutt per veke. Kontakt rektor om du vil søkje utvida tid.

FORDJUPINGSTILBOD

Frå skuleåret 2024/25 skal kulturskulen tilby fordjuping i individuelle musikkfag. Tilbodet er for elevar som syner særskild interesse og som har sær gode ferdigheter i faget. Elevane kan søkje om fordjupingstilbod etter anbefaling frå lærar. Furdjuping gjev utvida undervisningstid og styrka tilrettelagt undervisning og oppfølging. Kontakt oss gjerne for meir informasjon om fordjuping i kulturskulen.

ELEVBETALING

Ordinær kulturskuleundervisning:	kr 4100 per år
Undervisning for vaksne:	kr 5540 per år
Kunstoffag inkl. materiell:	kr 4100 per år
Gruppeundervisning (teater, halling)	kr 2970 per år
Gruppeundervisning (band)	kr 1130 per år
Tillegg for kjøp av utvida undervisningstid	kr 980 per år
Fordjupingstillegg	kr 1880 per år

REDUSERT FORELDREBETALING

Føresette kan søkje kulturskulen om redusert foreldrebetaling. Søknadsfristen er 1.oktober. Søknadsskjemaet og meir info finn du på www.oystre-slidre.kommune.no.

COOP-dugnaden

Foreldre med vanskeleg økonomi kan også søkje støtte til elevbetaling i kulturskulen frå COOP-dugnaden. Du kan få hjelp til å søkje via helsesjukepleiar på skulane, psykisk helseteneste eller [Røde Kors](#).

Kontakt oss:

Øystre Slidre kulturskule
Bygdinvegen 1989
2940 Heggnes

Øystein Skattebu (rektor)
tlf 41 22 28 40
epost. oystein.skattebu@oystre-slidre.kommune.no

